

Spar-løpet finale i terrengløpskarusellen.

28.03.2015



Frå starten i 7-årsklassen i Spar-løpet i fjor.

Rett over påske, onsdag 8.april, vert første løpet i Kvinnheradskarusellen i terrengløp arrangert på Husnes. Terrengløpskarusellen vart tatt opp att i fjor etter mange års pause. Det vart ein skikkeleg suksess som appelerte til breidda av trimmarar, unge som eldre. Godt over 30 løparar frå Uskedalen deltok, og mange deltok i minst 3 av løpa.

Det er Herøysund IL, IL Trio og IL Ternen som står bak arrangementet saman med Uskedal IL. Det er til saman 4 løp, og alle som deltek i minst 3 av dei vert premiert. Målet med karusellen er å få flest mogeleg med. Arrangørane ønskjer ei massemönstring der så mange som mogeleg får føla gleda ved terrengløp.

Første løpet er altså allereie 8.april på Husnes der løypene er lagt rundt i aktivitetsløypene rundt stadionsområdet. Deretter vert det løp på Sandvoll onsdag 15.april og i Herøysundet onsdag 22.april før karusellen vert avslutta med Spar-løpet her i Uskedalen laurdag 25.april. Sparløpet vert arrangert for 3.gong. Det har start og mål på Sandakaien, og løypene går sentralt i bygda. Løpet er svært kjekt for publikum då ein ser løparane i store deler av løpet.

Etter at Spar-løpet er ferdig vert det omfattande premierung. Alle som har delteke i minst 3 av dei 4 terrengløpa får premiar, og dessutan vert det premie til alle for deltaking i Spar-løpet.

Arrangørane ønskjer helst at så mange som mogeleg melder seg på på førehand. Det skjer via [Uskedal IL si heimeside](#), og det er alt opna for påmelding til første løpet på Husnes. Det vert også mogeleg å melda seg på ein time før start.



Uskedalsjentene Thea(t.v.), Amalie, Andrea, Emma(bak) og Camilla slappar av etter god innsats på Husnes i fjor.  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland